



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Hordaland fylkesbibliotek
ÅRSMELDING 2007

Med samarbeid og litteraturformidling i fokus



Fylkesbiblioteket har lagt opp til meir samarbeid mellom biblioteka i fleire regionar i fylket. Nye driftsmodellar for supplering og distribusjon av litteratur er med på å sikre like gode tilbod i by og land. Ei lang rekkje kurstilbod retta mot pedagogar i grunn- og vidaregåande skule i nyare barne- og ungdomslitteratur, kan bidra til elevane si språklege utvikling. Nye digitale verkty skal inn i biblioteka sine tenestetilbod.

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010 blei vedteken i Fylkestinget 12.12.2007 som den fjerde i rekka. Planen er eit verkemiddel for å kunne nå målsetjingar i fylket sin kulturpolitikk, og har også samanheng med regional og nasjonal politikk. Det har vore eit mål å utforme ein tydleg regional bibliotekpolitikk.

Frå årsskiftet 2006-07 blei det etablert ei avtale mellom fylkesbiblioteket og Bergen off. bibliotek om ny organisering av fjernlånet. Distribuert mediekjøp, samsøk i 30 av 33 bibliotekdatabasar og transportordning mellom 19 bibliotek sikrar brukarane betre tilgang til spesialisert litteratur. Det er etablert to nye, regionale samarbeidsgrupper mellom tre folkebibliotek i Hardanger og sju i Sunnhordland. Mellom anna har Kvam og Jondal prøvd ut ei ordning med felles biblioteksjeff. Fylkesbiblioteket har gitt stimuleringsmidlar til frikjøp av prosjektleiarar i kvar region.

Fjernlånstenesta mottok 12 916 (11 965) bestillingar i 2007. Det blei lånt ut 11 559 (11 792) einingar til bibliotek i Hordaland , og totalt 14 088 einingar til bibliotek i Norge.

Bokbåten hadde 40 driftsdagar i 2007, og 51 stopp fordelt på 21 kommunar blei vitja to gonger. Det blei lånt ut 26 580 einingar (25 919), inkludert depotutlån mellom turane, av desse 18.708 til barn. 75 kulturprogram på bokbåten hadde eit samla publikumstal på 2470 (2455) Kulturprogrammet er eit samarbeid med Den kulturelle skulesekken i Hordaland, støtta av Folkeakademiet i Hordaland. Dei tre fylkesbiblioteka som driftar bokbåten, samarbeider om *Bokbåtklubben*. Medlemsbladet "Bokbåtbladet", blei sendt ut til ca 1500 barn i grunnskular i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular i fylket utanom Bergen. Det blei lånt ut 150 (171) sett, i alt 2230 (2470) bøker.


Fagutdanna bibliotekarar i vidaregåande skule (tre nye i 2007) bidrar til auka kvalitet i læringsmiljøet. Fylkesbiblioteket har vore sentral i utforminga av utlånsordninga for gratis lærebøker til VG2, og har bidratt med nasjonalt lånekort til elevane og opplæring av dei bibliotekansvarlege. Prosjektet fekk også støtte frå Kunnskapsløftet.

Kompetanseutvikling er eit viktig satsingsområde. I 2007 arrangerte fylkesbiblioteket 26 kurs og faglege samlingar med 706 deltakarar. Litteraturformidling, digitale tenester og universell utforming av biblioteklokale har vore sentrale tema. Fylkesbiblioteket har også stimulert fagleg utvikling gjennom tildeling av reisestipend.

Litteraturformidling er i fokus då både bibliotekarar og lærarar etterspør kurs i nyare litteratur. I 2007 var det over 500 deltakarar på litteraturkursar som fylkesbiblioteket arrangerte saman med Den kulturelle skolesekken (DKS), Utdanningsforbundet og Fagforum for norsk i vidaregåande skular. Hovuddelen av utgiftene blei betalt frå den statlege satsinga på *Gi rom for lesing og Kompetanseløftet* for lærarar i vidaregåande skular.

Fylkesbiblioteket har engasjert seg i litteraturproduksjonar i DKS, i 2007 var det særleg vekt på formidling av dikt for barn og ungdom. Vi arbeidde også med å få folkebiblioteka til å bli *Bok til alle-bibliotek* der ein set av plass til å synleggjere vaksnebøker som er lette å lese og rekrutterer *leseombod* som les høgt for andre.

Biblioteka i tal. I Hordaland er det 64 (67) bibliotekavdelingar, av desse er 33 hovudbibliotek. Det er bokbuss i 7 kommunar, i tillegg kjem bokbåten som har 50 (53) stoppestadar fordelt på 21 kommunar. Dei mobile einingane har i alt 323 (356) stoppestadar i fylket.



Samanlikningar med statistikk frå 2006 syner at 36 prosent av folkebiblioteka hadde auke i antal besøk pr innbyggjar. Samanlikningane syner også at heile 96 prosent av biblioteka har ein auke av gjennomsnittleg utlån pr innbyggjar. Mange kommunar satsar meir på bibliotek då 72 prosent av biblioteka hadde ein auke av medieutgiftene pr innbyggjar.

| Kommune | Kr. pr.innb. | Bibliotek | Utlån pr.innb. | Bibliotek | Besøk pr innb. | | |
|------------|--------------|-----------|----------------|-----------|----------------|------------|-------|
| Modalen | 191,78 | 1 | Modalen | 17,47 | 1 | Modalen | 18,81 |
| Fedje | 135,55 | 2 | Ulvik | 10,34 | 2 | Odda | 9,67 |
| Eidfjord | 106,01 | 3 | Osterøy | 10,34 | 3 | Fjell | 7,46 |
| Ulvik | 93,24 | 4 | Odda | 10,16 | 4 | Kvam | 7,21 |
| Masfjorden | 84,51 | 5 | Kvam | 9,18 | 5 | Øygarden | 6,31 |
| Ullensvang | 68,52 | 6 | Granvin | 8,79 | 6 | Fedje | 6,29 |
| Granvin | 66,99 | 7 | Kvinnherad | 7,88 | 7 | Ulvik | 5,95 |
| Odda | 59,96 | 8 | Øygarden | 7,84 | 8 | Osterøy | 5,84 |
| Jondal | 58,3 | 9 | Eidfjord | 7,83 | 9 | Fusa | 5,60 |
| Øygarden | 56,36 | 10 | Fusa | 7,65 | 10 | Bergen | 5,25 |
| Austrheim | 54,98 | 11 | Bergen | 7,65 | 11 | Kvinnherad | 4,42 |
| Kvam | 54,81 | 12 | Austrheim | 7,61 | 12 | Lindås | 4,41 |
| Austevoll | 54,76 | 13 | Samnanger | 7,60 | 13 | Askøy | 4,34 |
| Fusa | 47,61 | 14 | Fedje | 6,37 | 14 | Eidfjord | 3,83 |
| Fitjar | 45,19 | 15 | Bømlo | 6,34 | 15 | Voss | 3,40 |
| Samnanger | 44,71 | 16 | Lindås | 6,13 | 16 | Jondal | 3,31 |
| Osterøy | 44,44 | 17 | Masfjorden | 6,00 | 17 | Os | 3,31 |
| Meland | 38,34 | 18 | Meland | 5,85 | 18 | Bømlo | 3,30 |
| Etne | 36,41 | 19 | Voss | 5,77 | 19 | Sund | 3,11 |
| Kvinnherad | 32,99 | 20 | Fitjar | 5,61 | 20 | Granvin | 2,68 |
| Voss | 32,71 | 21 | Jondal | 5,50 | 21 | Stord | 2,30 |
| Lindås | 31,41 | 22 | Vaksdal | 5,48 | 22 | Austrheim | 2,29 |
| Bergen | 29,33 | 23 | Radøy | 5,24 | 23 | Fitjar | 2,23 |
| Sveio | 27,80 | 24 | Etne | 5,11 | 24 | Samnanger | 2,18 |
| Fjell | 26,21 | 25 | Askøy | 5,07 | 25 | Radøy | 2,04 |
| Bømlo | 25,25 | 26 | Os | 4,94 | 26 | Sveio | 2,04 |
| Vaksdal | 24,43 | 26 | Sveio | 4,50 | 26 | Meland | 1,97 |
| Radøy | 24,01 | 28 | Ullensvang | 4,43 | 28 | Vaksdal | 1,95 |
| Tysnes | 23,97 | 29 | Fjell | 4,24 | 29 | Ullensvang | 1,77 |
| Sund | 23,55 | 30 | Stord | 3,74 | 30 | Etne | 1,71 |
| Os | 21,18 | 31 | Austevoll | 3,01 | 31 | Tysnes | 1,45 |
| Askøy | 20,64 | 32 | Sund | 2,38 | 32 | Masfjorden | 1,20 |
| Stord | 19,17 | 33 | Tysnes | 2,04 | 33 | Austevoll | |

Hordaland fylkesbibliotek

Pb. 7900, 5020 Bergen
Tlf. 55 23 93 76, Fax 55 23 93 79

Epost: fbib@post.hfk.no
<http://www.hordaland.no/fylkesbib/>

Fjernlånet

Bergen Offentlige Bibliotek,
Strømg. 6, 5015 Bergen
Tlf. 55 56 80 30, Fax 55 31 72 77

Epost: fjernlan@bergen.folkebibl.no
<http://www.hordaland.no/fylkesbib/>